



**FRÅ INNSPELINGA.** Dette bilete av Kim Andre Rysstad, Kirsten Bråten Berg og Lajla Renate Buer Storli er tatt av HF's Mette Bleken under innspelinga i Lagmannsstova. Bleken har levert vakre bilete frå Lagmannsstova til cd-coveret. Med plata fylgjer eit teksthfte som også fortel om bakgrunnen for at plata vart til, musikken og musikarane.

# Lajla Renates meisterverk

Lajla Renate Buer Storli har ved fleire høve vist at ho har ei særleg evne til å finne fram til ukjend folkemusikk frå Hardanger CDen «Møya som drøymde» er eit glitrande eksempel på det.

Her har Lajla trukke fram mellomalderballader samla inn av Olav Sande. Han var lærar i Hardanger nokre år, og fekk med seg eit større knippe sanger både frå Hardanger og Voss. Olav skreiv ned omlag 200 sanger og mesteparten av dei er lite kjende. Då Lajla Renate byrja å jobba med dette historiske materialet, såg ho at det ikkje var skriving ned meir ein nokre få vers. Difor måtte ho leite seg fram etter den manglande teksten ved å henta ut vers frå liknande ballader som låg i balladearkivet på Nasjonalbiblioteket. Etter mykje arbeid og råd frå Kirsten Bråten Berg, sit ho att

## Middelaldermusikk frå Hardanger på CD

### INNSPELINGSSTAD

CDen er innspelt i Lagmannsstova på Aga. Ifylgje Guttorm Rogdavig det einaste rom ein kan kalla ein mellomalderk trehall her i landet. Bygd av riddaren, riksråden og gulatingmannen Sigurd Brynjulvson kring 1275.

med eit repertoar på mellomaldermusikk som ingen brukar. Dette har vorte til CD en «Møya som drøymde».

Plata er spela inn i Lagmannsstova på Agatunet, og det er tydeleg at det er her musikken høyrer heime. Plateselskapet Heilo, med John Ole Morken og Kirsten Bråten Berg som produsentar og Audun Strype som lydteknikar har skapt ein nær og var, og ikkje minst varm klang som kler musikken og rommet.

«Nedteikingane etter Olav er som prydsaum for augo, og dette

er ein skatt eg ynskjer å setje fram i ljuset. Ved å studere materiale frå desse samlingane, har eg fått sett meg meir inn i den eldre delen av folkesong og prøva å få den i samanheng med den enormt spanande og bortgøymde mellomalderhistoria som ligg løynd i fjordlandskapet. Då me spela inn plata har ho fått glitrande partnarar i Kirsten Bråten Berg, Kim Andre Rysstad (song), Stein Villa (langeleik/harpe/fløyte) og Knut Hamre (hardingfele). Innspelinga vart gjort i Lagmannsstova 11. til 14. mars i år.

Plata er sett saman i ein blanding av rein vokal og instrumen-

tal som gjer den spanande å lytta til. Røysta til Kirsten, Kim og Lajla kler kvarandre. CD'en er eit meisterverk som er ei glede å lytta

til. Ikje berre ein gong. Dette er ei plate som inspirerer til gjentak.

Svein Knutsen

## Musikk med langt liv

«Musikken på denne cden har levd eit langt liv, frå sein mellomalder og fram til i dag. Eit stille liv, men med stor kraft, der gamalt vert nytt og nytt vert gamalt», skriv Knut Hamre om CDen til Lajla i plateomslaget. «For at musikk, eller kva anna det måtte vere, skal få lov til å leve lenge må det få omsorg, pleie og ny næring. Ha sine vaktarar, ein slik vaktar er Lajla. Lajla spelar sin musikk og gjer sitt arbeide med stor kjærleik og glede. Hennar musikalske verd er og ei verd fylt av undring, fortid og framtid. Slåttane, tekstane og tonane i balladane, den-

ne musikken som har gått frå generasjon til generasjon for noko tidlaust over seg. I eit slikt ope rom føler Lajla seg heime, fortid og framtid vert eitt for ho. Når no Lajla deler musikken sin med oss alle er ho ein lekk i den lange lekkja med sangerar og spelmenn i Hardanger frå farne tider og fram til no. Ho deler dette med oss i kraft av den musikaren ho er, med alle faglege kvalitetar dette innebær, og ikkje minst innehar ho den viktigaste, generositet», skriver Knut Hamre.